

Eit heilagt tempel



ÅSE EDITH SNØTUN
ER MISJONER I BRA-
SIL OG HAR ARBEID
MYKJE MED KYRKJE-
LYDSBYGGANDE AR-
BEID DER. SISTE
STUDIEÅR VAR HO
STUDENT VED

NORSK DIAKONI-
HØGSKOLE. SEMESTEROPPGÅVA SKREIV
HO UT FRA TEMAET "KYRKJELYDSBYG-
GING - EI UTFORDRING FOR DIAKONIEN".
DIAKONOS OMTALAR DELER AV OPP-
GÅVA.

Når vi tenkjer kyrkjebygging er det ein grunnleggande føresetnad at kyrkja er grunnlagt og vert halden oppe av Kristus sjølv. Kyrkja vert bygd av menneske, av levande steinar, til eit heilagt tempel. I fellesskap med Kristus vert ein kalla til å leve eit praktisk fellesskapsliv i kyrkjelyden. Der vert det snakk om ei vekselvis deling av godene: Den som har teke imot eit gode, gjev det tilbake i ei anna form. Kyrkjelydsbygging er ikkje noko særskild sak, men ein pågåande prosess der den einskilde vert oppmuntra til å delta på sin måte. Nådegåvene skal tene til å bygge opp kyrkjelyden.

Det heile skal skje i møte med kvar-dagsmenneske med ulike behov. Spørsmålet vert om kyrkjelyden er oppteken av å leve folket sitt liv, om den tek del i folk sin kvardag, og kan knytte dette saman med eit levande gudstenestefelleskap.

Diakonien vert utfordra til å vere brubyggar mellom kvardagslivet og fellesskapet i gudstenesta. Skal dette skje må ein kunne kjenne samfunnet på pulsen, og samtidig vere tydeleg og trygt forankra i ei kristen vedkjenning. Dia-koni og kyrkjelydsbygging høyrer uløyseleg saman!

KVA VIL VI?

"Vi vil vekse - både kvantitativt og kvalitativt" Det var det konstante svaret eg fekk då eg spurde kyrkjelydsformannen

i ein kyrkjelyd i Brasil kva mål vi burde ha for arbeidet vårt.

Nye initiativ i kyrkjelydsarbeidet startar med at nokon får augo opna og ser:

- ser Jesu kall til kyrkjelyden på ein forplikande måte.
- ser ikkje berre med takk det gode som skjer, men og kva som enno er ujort.
- ser, fremfor alt, dei menneska som ikkje vert omslutta av Guds ord og kristent fellesskap.

Slik kjem nokre gjerne i naud av det dei ser, tek til å snakke saman, be saman og leite etter ein veg saman.

Tidlegare slo vi fast at kyrkjelydsbygging ikkje er ei "sørleg" sak, men kyrkja sitt normale liv. Eit utgangspunkt, om ikkje føresetnad, både for målretta diaconi og kyrkjebygging er at den lokale strategiplanen definera kyrkjebygging som felles mål for heile kyrkjelyden sitt arbeid.

I ein del kyrkjelydar opplevest det som om til dømes prest, kateket og diakon manglar eit felles mål å arbeide mot, sjølv om det nok kan vere at den einskilde har tankar om "sitt" arbeid. Korleis kan huset byggast om det ikkje ligg føre ei planteikning som dei ulike arbeidslaga kan rette seg etter?

KYRKJE FØRST - FOLKEKYRKJE SÅ

Det er på høg tid at kyrkja på nytt vert seg medvitn kven ho er. Som eit religionsvesen, som ei grein av sosialstaten sitt velferdstiltak, kan ei folkekirkje aldri utføre heile Guds sendingsoppdrag. Berre som kyrkje kan folkekirkja gjere si spesielle gjerning i folket.

Vi vegrar oss for å snakke om tru-vantru, innanfor-utanfor. I staden vert det snakka om "smugtru", om "løynd religiøsitet". Frå sjælesorga veit vi at mange har ei tru som dei har vanskar med å vedkjenne offentleg, men skal kyrkja vere til hjelp for desse, må den i alle fall vere klar og tydeleg på kva oppdrag og hovudmålsetting den har.

Ein venn av meg i Brasil sa det slik: "Går vi til slaktaren forventar vi å få kjøpe kjøt. Går vi til bakeren forventar vi at dei der sel brødvarer. Går vi til kyrkja forventar vi at dei der kan vise

oss vegn inn til livsfellesskapet med Gud".

Når ein århundrelang statskyrkjetradisjon, med folk og kyrkje tett samanbundne, vert sett under press, vil kyrkja måtte klargjere sin eigenart i høve til samfunnet og andre livssynsgrupper. Kyrkjelyden vert driven til å stå fram som eit fellesskap med åndeleg eigenart.

HJARTESLAGET

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast, som somme plar gjer: men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser at da-gen nærmar seg." (Hebr 10.25)

Gjennom århundra ser ein at det finst eitt sentrum i kyrkja sitt liv: den lokale kyrkjelyden, med gudstenesta om søndagen som organiserande midte. Når vi derfor snakkar om kyrkja si kyrkjelydsbyggende oppgåve, går alle trådane saman i gudstenesta. På same måten som dei første kristne samlast i heimane og på tempellassen, er gudstenesta møteplassen for alle arbeidslag og grupper i kyrkjelyden. Gudstenesta og kyrkjelydsbygging heng uløysande saman.

Ei hovedoppgåve for alt kyrkjelydsbyggende arbeid vert derfor å få folk til å delta i gudstenesta, bli ein integrert del av den nattverdfairande kyrkjelyden.

Då gudstensta er hjarteslaget i kyrkjelyden sitt liv, vil den truleg alltid og vere kjelde til diskusjon. Korleis skal gudstenesta vere for å ta vare på det faste og grunnleggande samtidig som den er fleksibel nok til å gje uttrykk for livet og veksten i kyrkjelyden? Kunne vi i Brasil bruke fengande sambarytmer, eller måtte vi halde oss til dei tyske koralanane?

Det vil i alle fall vere ei kjempeutfordring for diakonien at kvardagsmenneska med sine meir og mindre smertefulle liv, kan synleggjera i gudstenesta. Å kunne vere med i forbøna, delta med tekstslesing, dele eit vitnemål eller gjere i stand til gudstenesta er og snakk om å sette nådegåver i funksjon. Det er ikkje snakk om å vere "arbeidskraft", avlaste andre eller få tredd oppgåver ned over seg. Det dreier seg om å

Hun er ikke mye å ta med i kirka,
nabo-frua.

Hun er av det sleivkjefta slaget,
virker middels intelligent,
sier "herregud" i annenhver setning
og viser flittig frem sylvasse høyrede negler.

Hun leser helst ukeblader som "Starlet",
nabo-frua.

Ja, og så ungenes tegneserier og "Alt om mat".
Det har sin begrensning hvor lenge
man kan snakke om mat,
og hva resten angår:

Ukebladsromantikk er det lite av i vår menighet.
Det kan bli mange pinlige pauser ved kirkekaffen
hvis nabo-frua blir med.

For ikke å si "ikke berørte", skamrøde ansikter.
Hennes stadige "herregud" er ikke av det kristelige
slaget

og ville passe ytterst dårlig.

-Jo, din rikssak Jesus være skal min største
herlighet,

takk at jeg også fikk ditt kall og skal få være med.

-Hun ville skjemme meg aldeles ut.
Men jeg skal be for henne, Herre.
Er ikke det nok?

(Marianne Lillesvangstu)

få tene Gud og medmenneske med glede gjennom den utrustning den enskilde har fått.

Å inkludere kyrkjeframande på ein god måte trur eg og er ei viktig utfordring. Som nevnt ovanfor er det ikkje sikkert det er så lett å sjå alle dei som går så målmedvite og finn sin faste plass i kyrkjebenken, og veit korleis dei skal oppføre seg i gudstenesta. Kanskje kan det virke kyrkjelydsbyggande å ha kyrkjevertar som sørleg tek seg av dåpsfølga og viser dei til rette?

FELLESSKAPSBYGGING

Å bygge fellesskap mellom menneske er i følge Diakoniplanen for Den norske Kyrkja ei hovedoppgåve for den diakonale tenesta i kyrkjelyden.


Kyrkjelydsbygging og fellesskapsbygging kan høyra ut for å vere to sider av same sak. Likevel spør eg meg sjølv om det i praksis verkeleg er slik.

Eg vil derfor sjå på nokre av dei fellesskapsbyggande tiltaka og drøfte kva det er som gjer dei eller ikkje gjer dei kyrkjelydsbyggande.

NØD OG KRISE

Krise høyrer menneskelivet til. Det kjenner vi frå eiga røynsle. Overgangen mellom dei ulike fasane i livet kan innimellom opplevast svært vanskelege, og vi snakka då gjerne om livskriser.

På kinesisk er skriftteiknet for krise sett saman av to symbol: Teiknet for "fare" og teiknet for "anledning". Det er vel gjerne slik det er: Gjennomlevde vanskar gjer oss heilare og sterkare som menneske. Har vi gått gjennom ein vanskeleg periode, er vi aldri heilt dei same etterpå. Anten har vi teke eit



Illustrasjonsfoto: Diakonus/ Arkiv

skritt tilbake, gått litt lenger inn i oss sjølve, eller vi har våga oss eitt skritt vidare. Kanskje oppdaga vi at det vi var redde for, ikkje var så farleg likevel: og om vi har falle så gjekk det an å reise seg att og halde fram.

I denne samanhengen står kyrkjelyden - med sitt diakonale oppdrag om "å hjelpe kvart einskild menneske i deira konkrete situasjon til eit rett tilhøve til Gud, til seg sjølv, til nesten sin, og til den verda dei lever i."

FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

Omsorga for og oppfølginga av frivillige medarbeidrarar er ei grunnleggande diakonal oppgåve med tanke på kyrkjelydsbygging. Nå er det ei kjensgierning at det i mange kyrkjelydar er vanskeleg

å skaffe frivillige medarbeidrar. Mange verdifulle medarbeidrar har etter kvart vorte stilde på sidelina fordi dei har vorte overarbeidde. Arbeidsdagen har for mange vorte svært belastande.

Vi må her minne om at kyrkjebygging rett forstått ikkje er tilleggsaktivitetar som skal tyne dei siste kreftene ut av menneske. Det er heller ein målmedvetein måte å drive kyrkjelyden på.

Men korleis er det når kyrkjelyden tek på seg ansvaret for å sette menneske til ulike oppgåver? Tek dei då og oppfølgninga på alvor?

Når nokon vert kalla til ei teneste, må dei samtidig få vite kven dei sjølv kan snakke med både om gleder og sorger i oppgåva. Og dei må få vite kven som ber for dei. I ein del samanhengar kan det vere nyttig å gjere klare arbeidsavtalar som seier noko om omfangset og kor lenge den spesielle tenesta skal vere.

I omsorgen for dei frivillige trur eg vi enno har mykje å lære av han som er den store diakonen. Jesus sendte ut læresveinane to og to, og han følgde dei opp medan dei var i teneste. Han brukte ord som:

- Kom og et!
- Kom avsides og kvil dykk litt!
- Lat meg få vaske føtene dine.
- Kva snakka de om på vegn?

Når frivillige medarbeidrar møter menneske med alvorlege problem, an-ten i sjælesorg, i besøk eller som gruppeleiarar, kjem ofte avmakta og mismotet snikande. Det er naudsynt å ha nokon å dele dei vonde kjenslene med. Nokon som kan lytte, støtte og hjelpe til med sortering.

BØN OG FORBØN

Ole-Magnus Olafsrød fortel om korleis Mor Teresa og venene hennar ber med seg Jesus i kapellet og i slummen. Kvar morgon samlast dei i kapellet og tilber Jesus der han heng på krossen og ropar "Eg tørstar!" Så går dei ut i byen og gjev han vatn. Dei ser Jesu tørst i dei liddande og sløkkjer tørsten hans gjennom tenande kjærleiksgjerningar mot dei. Både i tilbedinga og tenesta har dei augo festa på Jesu ansikt. Pendlinga mellom kvila på Jesu fang der vi vert stryka og tenesta for andre der vi vert slitne, vert viska bort i dette samlande biletet av Jesus.

Dei ba saman. Ikkje noka teneste

kan erstatte bøna i den kristne kyrkjelyden. Gud er både suveren og allmektig, men han har valt å gjere seg avhengig av vår bøn. Når vi ber opnar vi oss for Guds vilje, leiing og kraft. Dessutan er bøna ein måte å vise omsorg på.

Smerte og klage skal ikkje dekkast til i bøna, men nake og ørleg leggjast fram for Gud. Konkret og personleg forbøn styrkjer trua og kan hjelpe menneske til å legge si sak i Guds hand.

BLI KYRKJELYDSBYGGAR

Gunnar Elstad set opp nokre oppmuntrande utfordringar til den som skal vere kristen leiar, og eg trur at dei gjerne kan vere på sin plass å minne om for at diakonen med stort frimod kan sjå på seg sjølv som kyrkjelydsbyggar:

- * Våg å ta initiativ! Ikkje vent til andre gjer det, for det kan ta altfor lang tid. Stikk deg fram på den måten at andre vågar å stikke seg fram.
- * Våg å halde kursen! La andre oppleve at du arbeider deg mot eit mål. Du kan ikkje tvinge nokon til å følge deg, men er di sjølv målmedviten, aukar sjansen for at nokon følgjer et-

ter.

* Våg å seie ifrå! Lat andre få vite kva du forventar av dei. Gje konstruktiv kritikk slik at medarbeidarane dine tykkjer at dei lører noko og kan vekse på det.

* Våg å halde fram Bibelen si lære og ideal! Ikkje lat som om du sjølv har nådd opp til ideala, men vis at du gjerne vil vere på veg mot dei.

* Våg åtru at du kan gje andre menneske oppmuntring, støtte og hjelp - og ei kjørleg formaning når det trengs. Ikkje trekk deg unna fordi du trur at andre kan gjere dette så mykje betre. Vi vert sjølv sårbar når vi nærmar oss andre, men det må ikkje bli ei orsaking for å trekke seg.

* Våg å vere leiar når andre er sterke eller flinkare enn deg! Vi kjenner oss som regel forholdsvis trygge når vi skal vere leiarar for nokon som har mindre kunnskap, mindre røynsle eller dårlegare ressursar enn vi sjølve. Derimot er vi ofte redde for likemann - og endå reddare for dei vi opplever som sterke enn oss. Men vi har eit ansvar overfor desse!

Diakonidentitet

Som kjent godkjennes tre typer grunntutdanning til opptak ved høgskoleutdanningen i diakoni: Sykepleiefaglig, sosionomfaglig og pedagogisk.

Dette mangfoldet begynner å gjøre seg gjeldende i diakonforbundet såvel som i menighetene der de mange utlyste soknediakonstillingene etter hvert fylles. Det nye hovedfaget er foreløpig ikke tilgjengelig for pedagogene, og det er en av grunnene til at det ble tatt initiativ innen denne gruppen for å komme sammen og drøfte pedagogenes egen identitet og plass i diakonihelheten.

En arbeidsgruppe bestående av Anne Hirsch, Inger Lillian Solberg, Anne Skontoft og Berit Trandem har hatt et foreløpig møte med Diakonihøyskolen v/ Guro Hellgren.

På møtet ble tre hovedspørsmål tatt opp til drøfting:

- Hvordan er situasjonen for soknediakoner med pedagogiske bakgrunn i forhold til de øvrige?
- Bør det legges opp til egne samlinger for pedagogene?
- Skal det gjøres felles framstøt i forhold til diakoni hovedfag?

Arbeidsgruppen ønsker at temaet diakonidentitet må bli tatt opp i sin fulle bredde, slik at diakoner med ulik bakgrunn kan bli bedre kjent med hverandres grunntutdanning. Derfor er det tatt initiativ til å få temaet med på programmet for neste landskonferanse. Fordi helhetstenkning og felles innsats for diakoniens plass i kirken er så viktig, vil gruppen ikke anbefale egne større, særslanger for diakoner med ulik type grunntutdanning.

Når det gjelder hovedfaget, registreres det at arbeidet for å utvide rammene for opptaksfeltet er i gang.

Berit Trandem